



# Prop. 23 S

(2024–2025)

Proposisjon til Stortinget (forslag til stortingsvedtak)

## Endringer i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet

*Tilråding frå Helse- og omsorgsdepartementet 22. november 2024,  
godkjend i statsråd same dagen.  
(Regjeringa Støre)*

### 1 Innleiing

Helse- og omsorgsdepartementet legg med dette fram forslag om endringar i løyvingar under dei enkelte kapitla i statsbudsjettet for 2024 i samsvar med punkt 2 nedanfor.

### 2 Forslag til endringar av løyvingane under dei enkelte kapittel

#### Kap. 700 Helse- og omsorgsdepartementet

##### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 6,3 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

#### Kap. 701 Digitalisering i helse- og omsorgstjenesten

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70*

Etter takstforhandlingane med Legeforeningen og fysioterapeutorganisasjonane Norsk Fysioterapeutforbund, Norsk Manuellterapeutforening og Privatpraktiserende Fysioterapeuters Forbund, er

det for avtaleåret 2024–2025 avsett midlar frå båe partar til utvikling av elektronisk pasientjournal (EPJ). Midlane skal nyttas til å utvikle EPJ-system som blant anna gjer det mogleg å hente ut data til styring, lokalt forbetningsarbeid og forskning, og lette kommunikasjonen med andre.

Statens del utgjer 8,5 mill. kroner til utvikling av leganes EPJ, og 1,5 mill. kroner til utvikling av fysioterapeutanes EPJ for inneverande avtaleår. Legane og fysioterapeutanes del vart ved takstforhandlingane trekt frå rammeaukingane inneverande avtaleår.

Departementet foreslår å auke løyvinga på kap. 701, post 21 med 10 mill. kroner, kor 8,5 mill. kroner flyttast frå kap. 2755, post 70 og 1,5 mill. kroner frå kap. 2755, post 71, knytt til desse endringane.

#### Kap. 703 Internasjonalt samarbeid

##### *Post 71 Internasjonale organisasjoner*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 15,4 mill. kroner knytt til endringar i utgifter til kontingentinnbetalingar for Noreg si deltaking i programmer og byrå i EU under EØS-avtalen samt auke som følgje av endra organisatorisk tilknytingsform for *European Monitoring Center for*

*Drugs and Drug Addiction* (EMCDDA) som blei eit byrå i EU som trådde i kraft i juli 2024.

### **Kap. 704 Norsk helsearkiv**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1 mill. kroner knytt til lønnsoppgjæret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

### **Kap. 709 Pasient- og brukarombud**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 1,4 mill. kroner knytt til lønnsoppgjæret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

### **Kap. 710 Vaksiner mv.**

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 65 mill. kroner knytt til endra prognoser for utgifter til barnevaksinasjonsprogrammet.

Utgifter knytt til innkjøp og utlevering av programvaksine blir påverka av tilgang i marknaden, lagerhald, leveringstidspunkt, etterspurnad, utleveringstidspunkt og valutajustering der det er aktuelt. Redusert løyvinga kjem hovudsakleg av ny avtale på pneumokokkvaksine. Nye vaksinar på marknaden og mykje høgare konkurranse førte til at det var mogleg å få ein vesentleg redusert pris enn normal prisstigning tilsa. I tillegg blei signeringa av avtalen forseinka, noko som førte til lågare kontraktsforplikting for 2024 enn først antatt. Resterande reduksjon er knytt til utsetjing av leveringstidspunkt på ei sending av vaksine mot difteri, stivkrampe, kikhoste, polio-myelitt, Hib og Hepatitt B (Infanrix Hexa).

#### *Post 22 Salgs- og beredskapsprodukter m.m., kan overførast*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 28,3 mill. kroner knytt til endra prognoser for utgifter til vaksinekjøp.

Posten blir justert årleg med bakgrunn i oppdaterte prognosar for forventa innkjøp og sal av vaksinar. Dette for å kunne ta høgde for behov knytt til lagerhald og uventa variasjonar i kostnadsnivået, forårsaka av endra vilkår i vaksinemarknaden utanfor nasjonal kontroll. Utgifter og inntekter knytt til sals- og beredskaps-

produkt blir påverka av endringer i valutakurs, tilgang i marknaden, lagerhald, leveringstidspunkt, etterspurnad og sal. I tillegg fører eventuelle sal til grossistar til endringer i innkjøps- og salsprognosar. Prognoseendringar er knytt til:

- auka etterspurnad etter oppfriskingsvaksine mot difteri, kikhoste, stivkrampe og polio, mellom anna grunna kikhosteutbrot
- meningokokkvaksine mot meningokokk-B
- vesentleg prisauke på fleire vaksinar
- stor etterspurnad etter vaksine mot flåttbit, truleg som følgje av kampanjeverskjømd
- høgare etterspurnad etter vaksine mot helveteseld, kolera og rabies enn føreset

Helse- og omsorgsdepartementet har fullmakt til å gjere bestillingar knytt til sals- og beredskapsprodukt utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for nye bestillingar og gammalt ansvar ikkje overstig vedteken ramme. Endring i oppdatert prognose gir eit auka behov for fullmakt og er knytt til avtale for sesonginfluensa. På bakgrunn av oppdatert prognose blir det foreslått at bestillingsfullmakt på kapittel 710 post 22 blir auka med 77 mill. kroner til 207 mill. kroner.

#### *Post 23 Vaksiner og vaksinasjon mot covid-19, kan overførast*

Departementet foreslår å flytte 191,4 mill. kroner til kap. 571 post 60, under Kommunal- og distriktsdepartementet, knytt til vaksinasjon mot covid-19 i kommunane. Løyvinga skal dekke oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre samt risikogrupper. Midlane vert fordelte etter delkostnadsnøkkelen for kommunehelse i inntektssystemet for kommunane.

Departementet foreslår vidare å flytte 0,2 mill. kroner til kap. 480 Svalbardbudsjettet, post 50, under Justis- og beredskapsdepartementet, knytt til vaksinasjon mot covid-19 på Svalbard. På sjølve svalbardbudsjettet vil løyvinga bli plassert på kap. 0003, post 50 Tilskudd til Longyearbyen lokalstyre. Løyvinga skal dekke oppfriskingsdose til befolkninga 65 år og eldre samt risikogrupper.

### **Kap. 3710 Vaksiner mv.**

#### *Post 03 Vaksinesalg*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 20,2 mill. kroner knytt til at prognosen for sal av vaksiner i 2024 er oppdatert på bakgrunn av kor mange vaksinar som er bestilte.

**Kap. 712 Bioteknologirådet***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,2 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

**Kap. 714 Folkehelse***Post 22 Gebyrfinansierte ordningar*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 11,4 mill. kroner, jf. mindreinntekt over kap. 3714, post 04 og kap. 5572, post 75.

Det er forventa eit mindreforbruk på 0,4 mill. kroner som følgje av få nye søknader om løyve til import, eksport og produksjon av tobakkssvarar. Vidare har Helsedirektoratet eit mindreforbruk på 11 mill. kroner som følge av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka.

**Kap. 3714 Folkehelse***Post 04 Gebyrinntekter*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9,7 mill. kroner, sjå omtale under kap. 714, post 22.

**Kap. 717 Legemiddeltiltak***Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Departementet foreslår å flytte 0,7 mill. kroner til kap. 717, post 70 knytt til at Kompetansenettverket for legemidler til barn har fått tildelt 1 mill. kroner i ytterlegare tilskot.

*Post 70 Tilskudd*

Departementet foreslår å flytte 0,7 mill. kroner frå kapittel 717, post 21, sjå omtale der.

**Kap. 5572 Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet***Post 74 Tilsynsavgift*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3,8 mill. kroner i tilsynsavgift for e-sigarettar, som følgje av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka.

*Post 75 Sektoravgift tobakk*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 8 mill. kroner, sjå omtale under kap. 714, post 22.

**Kap. 732 Regionale helseforetak***Post 70 Særskilte tilskudd, kan overførast, kan nyttast under postane 72, 73, 74 og 75**Nasjonalt senter for kvinnehelseforskning*

Departementet foreslår å flytte 5 mill. kroner frå kap. 745, post 01 til kap. 732, post 70. 5 mill. kroner vart løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 til å etablere ein digital kvinnehelseportal for formidling av kunnskap om kvinnehelse. Oppdraget er gitt Helse Sør-Aust RHF ved Nasjonalt senter for kvinnehelseforskning.

*Satsing på sikkerheitspsykiatri*

Dei regionale helseføretaka har meldt inn utfordringar når det gjeld kapasiteten innan sikkerheitspsykiatri. Utfordringa er særleg stor i Helse Nord. Det blir derfor foreslått ei løyving på 200 mill. kroner til Helse Nord, for å leggje betre til rette for å handtere utfordringa med kapasitet innan sikkerheitspsykiatrien i Helse Nord.

*Auka brukarvenlegheit i Helseplattform*

Det blir vist til Riksrevisjonen sine funn, vurderingar og anbefalingar i Dokument 3:3 (2024–2025) Riksrevisjonens undersøkelse av Helseplattformen i Midt-Norge. Departementet foreslår å løyve 200 mill. kroner for å bidra til Helse Midt-Noreg sitt arbeid med å leggje til rette for auka brukarvenlegheit i Helseplattforma. Arbeidet skal gjere det enklare for helsepersonell å nytte Helseplattforma og gi betre effektivitet i løysinga.

*Post 72 Basisbevilgning Helse Sør-Øst RHF, kan overførast**Styrka løyving til dei regionale helseføretaka*

Dei økonomiske resultatata for helseføretaka hittil i år er lågare enn forventa. Dette må blant anna sjåast i lys av at kostnadsveksten på fleire område har vore høgare enn lagt til grunn. Samstundes er dei endelege resultatata usikre. For å leggje til rette for at helseføretaka har økonomi som sett dei i stand til å blant anna vidareføre naudsynte investeringsplanar, foreslår departementet å auke løyvingane under kap. 732, postane 72–75, med 1 600 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga under

post 72 med 868,96 mill. kroner. Dette er Helse Sør-Aust sin del av forslaget på 1 600 mill. kroner.

#### *Pensjon*

Stortinget vedtok 12. april 2024 ny avtalefesta pensjon (AFP). AFP blir ei livsvarig yting som kommer i tillegg til tenestepensjon og alderspensjon frå NAV. Sist kjente informasjon tilseier at dei rekneskapsmessige konsekvensane av denne lova fyrst blir handsame i 2025 når ein overføringsavtale mellom dei involverte aktørene er på plass. Regjeringa kjem tilbake med ei vurdering av konsekvensane av Stortinget sitt vedtak om AFP for offentlig tenestepensjon for dei regionale helseføretaka, inkl. dei 12 sjukehusa med langsiktige driftsavtalar med dei regionale helseføretaka, i forbindelse med revidert nasjonalbudsjett for 2025.

#### *Post 73 Basisbevilgning Helse Vest RHF, kan overførast*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 306,72 mill. kroner, sjå omtale under kap. 732, post 72.

#### *Post 74 Basisbevilgning Helse Midt-Norge RHF, kan overførast*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 227,68 mill. kroner, sjå omtale under kap. 732, post 72.

#### *Post 75 Basisbevilgning Helse Nord RHF, kan overførast*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 196,64 mill. kroner, sjå omtale under kap. 732, post 72.

#### *Post 76 Innsatsstyrt finansiering, overslagsløyving*

Saldert budsjett 2024 legg til rette for ein aktivitetsvekst på om lag 1,7 pst. Faktisk aktivitet i 2023 vart høgare enn anslått, og budsjettet for 2024 gir dermed rom for ein aktivitetsvekst på om lag 1,5 pst. frå aktivitetsnivået i 2023.

Oppdatert prognose for 2024, basert på aktivitetstal per andre tertial 2024, indikerer ein samla aktivitet i 2024 som er om lag 0,6 pst. høgare enn føreset. Dette svarer til ein auke på 243,7 mill. kroner.

Kvalitetssikring av endeleg grunnlag for avrekning for 2023 syner at det vert utbetalt 187,6 mill. kroner for mykje i akontoutbetalingar i 2023. Dette vert handtert i samheng med utbetalingane til dei regionale helseføretaka i desember 2024, og løyvinga for 2024 vert redusert med 187,6 mill. kroner.

Til saman foreslår departementet å auke løyvinga med 56,1 mill. kroner.

#### *Post 77 Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, overslagsløyving*

Aktivitetstal per september 2024 gir eit anslag for utbetalingar i 2024 på 4 500 mill. kroner. Anslaget er 170 mill. kroner høgare enn budsjett etter Stortingets behandling av Prop. 104 S (2023–2024), der løyvinga vart satt opp med 142 mill. kroner. Departementet foreslår å auke løyvinga med 170 mill. kroner.

#### *Post 80 Kompensasjon for merverdiavgift, overslagsløyving*

Løyvinga dekkjer kompensasjon for meirverdiavgift til dei regionale helseføretaka som følgje av ordninga med nøytral meirverdiavgift. Departementet foreslår å auke løyvinga med 168 mill. kroner som følgje av høgare anslag for kompensasjon i 2024 enn lagt til grunn i saldert budsjett.

#### *Post 83 Byggelånsrenter, overslagsløyving*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 589 mill. kroner i hovudsak knytt til høgare rentenivå enn lagt til grunn i saldert budsjett. Dei regionale helseføretaka blir belasta for renter på byggjelån fram til prosjekta er ferdige. Då vert byggjelånet og gjort om til eit langsiktig lån.

#### *Post 86 Driftskreditter*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 3 500 mill. kroner knytt til lågare pensjonspremie. Oppdatert informasjon frå pensjonsleverandørane gir eit nytt samla tal på pensjonspremie for 2024 på 26 200 mill. kroner. Det er 3 500 mill. kroner lågare enn nivået Stortinget vedtok ved behandling av Prop. 104 S (2023–2024). Departementet foreslår at det reduserte likviditetsbehovet som følgje av dette vert behandla gjennom å redusere ramma for driftskreditt.

**Kap. 3732 Regionale helseforetak***Post 80 Renter på investeringslån*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 58 mill. kroner knytt til endra tidspunkt for konvertering av lån. Dei regionale helseforetaka betalar renter på investeringslån som er gjort om til langsiktige lån.

*Post 85 Avdrag på investeringslån f.o.m. 2008*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 45 mill. kroner knytt til endra tidspunkt for konvertering av lån.

*Post 87 Avdrag på tilskudd til Helseplattformen*

Ved Stortinget si handsaming av Prop. 1 S (2018–2019) vart det oppretta eit tilskot til kommunar og fastlegar for kostnader knytt til innføring av Helseplattforma. Målsettinga med tilskotet var at Helse Midt-Noreg RHF og kommunane som går inn i prosjektet, vart avlasta risiko knytt til manglande deltaking. Tilskotet utgjorde 601 mill. 2019-kroner i Prop. 117 S (2019–2020) på kap. 732, post 70. Siste del av tilskotet vart utbetalt i 2023. Tilskotet skal betalast tilbake med renter etter kvart som kommunar og fastlegar tar i bruk løysinga. Helse Midt-Noreg RHF administrerer tilskotet og tilbakebetalinga. Helse Midt-Noreg RHF har berekna at nedbetaling av tilskotet for 2024 utgjer 163,2 mill. kroner. Departementet foreslår dermed å redusere løyvinga med 63,8 mill. kroner samanlikna med det som vart lagt til grunn i saldert budsjett

**Kap. 734 Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustiltak***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2 mill. kroner knytt til lønnsoppgjæret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

Kontrollkommisjonane skal i medhald av lov kontrollere alle vedtak om etablering av tvungent psykisk helsevern og vedtak om bruk av tvangsmiddel. Kommisjonane skal òg handsame klager på desse vedtaka. Kostnadene ved ordninga vert påverka av mellom anna innkommande saksMengder og endring i dei lovpålagte oppgåvene kontrollkommisjonane skal utføre.

Det siste året har mengda av saker som kontrollkommisjonane i det psykiske helsevernet skal behandle auka meir enn det opphavelege ansla-

get. Oppdatert prognose tyder på at utgiftene til kommisjonanes arbeid vil verte høgare enn budsjettet for året. Departementet foreslår å auke løyvinga med 17 mill. kroner.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 19 mill. kroner.

*Post 71 Tvungen omsorg for psykisk utviklingshemmede*

Utgiftene til ordninga for dømde til tvungen omsorg blir anslått å vera lågare enn føresett for 2024. Departementet foreslår å redusere løyvinga med 43,6 mill. kroner.

Det er per i dag færre dømde til tvungen omsorg enn føresett i budsjettet for 2024. Per utgangen av august 2024 opplyser Sentral fageining for tvungen omsorg ved Helse Midt-Noreg RHF om at det er totalt 42 dømde i ordninga for tvungen omsorg (fire nye hittil i år, to dommar har gått til opphøyr). Talet på 42 dømde er ein auke på to dommar frå utgangen av 2023. Helse Midt-Noreg RHF er kjent med fem påtalar om tvungen omsorg som skal i retten dei siste fire månadene av 2024. Det blir lagt til grunn at ein auke på fem nye dommar vil føra til ein auke i utgifter i tredje tertial 2024. Det justerte løyvingnivået tek høgd for dette.

**Kap. 737 Historiske pensjonskostnader***Post 70 Tilskudd, overslagsløyving*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 32,5 mill. kroner knytt til høgare utbetaling av tilskot enn lagt til grunn i saldert budsjett. Løyvinga dekker tilskot til ideelle og andre verksemder sine historiske pensjonskostnader knytt til offentleg tenestepensjonsordning.

**Kap. 740 Helsedirektoratet***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 25,6 mill. kroner knytt til lønnsoppgjæret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

I Prop. 104 S vart det meldt inn ei auking på 120 mill. kroner knytt til EU-prosjekta JA NCD og NOJAHIP. I ettertid har det synt seg at handsaming av rekneskap i prosjektet NOJAHIP vart feil i Helsedirektoratet. Prosjekta utgjorde kring 100 mill. kroner som vart løyva i Prop. 104 S på

kap. 3740, post 02 og kap. 740, post 21. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 100 mill. kroner.

### **Kap. 3740 Helsedirektoratet**

#### *Post 02 Diverse inntekter*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 100 mill. kroner, sjå omtale under kap. 741, post 21.

#### *Post 05 Helsetjenester til utenlandsboende mv.*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Inntektene for 2024 vert talfesta til 86 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 21 mill. kroner.

### **Kap. 741 Norsk pasientskadeerstatning**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,5 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

Departementet foreslår å auke løyvinga med 2,2 mill. kroner knytt til høgare utbetaling til medisinske sakkunnige.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 5,7 mill. kroner.

### **Kap. 742 Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,9 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

### **Kap. 745 Folkehelseinstituttet**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 23,4 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner frå kap. 745, post 01 til kap. 781, post 21. 0,3 mill. kroner vart løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 til å oppdatere nåve-

rande informasjon og gje ny kjønnsespesifikk informasjon på helsenorge.no. Sjå omtale på kap. 781, post 21.

Departementet foreslår å flytte 5 mill. kroner frå kap. 745, post 01 til kap. 732, post 70. 5 mill. kroner vart løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 til å etablere ein digital kvinnehelseportal for formidling av kunnskap om kvinnehelse. Sjå omtale på kap. 732, post 70.

Departementet foreslår å flytte 10 mill. kroner frå kap. 745, post 01 til kap. 745, post 21 Spesielle driftsutgifter, knytt til prosjektet HPV heimetest i livmorhalskreftscreening-programmet. Sjå nærmare omtale på kap. 745, post 21.

Samla foreslår departementet å auke løyvinga med 8,1 mill. kroner.

#### *Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast*

Departementet foreslår å flytte 10 mill. kroner til kap. 745, post 21 Spesielle driftsutgifter frå kap. 745, post 01 Driftsutgifter. I 2024 vart det samla løyvd 26 mill. kroner til prosjektet HPV heimetest for å gi eit tilbod til dei som ikkje deltek i livmorhalskreftscreening som anbefalt. Av desse er 10 mill. kroner knytt til prosjektkostnader i Kreftregisteret. I revidert nasjonalbudsjett vart prosjektkostnadene flytta til kap. 745, post 01, då ansvaret for å drifte ordninga er flytta frå Helsedirektoratet til Folkehelseinstituttet.

### **Kap. 746 Direktoratet for medisinske produkter**

#### *Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 8,6 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

### **Kap. 3746 Direktoratet for medisinske produkter**

#### *Post 04 Registreringsgebyr*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 20,8 mill. kroner. Det er forventa ei mindreinntekt på 10,3 mill. kroner som følgje av at ikraftsetjinga av tobakksdirektivet er forseinka, og 10,5 mill. kroner i mindreinntekt mellom anna grunna reduserte endringssøknader for marknadsføringsløyve for legemiddel i 2024.

**Kap. 747 Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

**Kap. 748 Statens helsetilsyn***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3,3 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

**Kap. 749 Statens undersøkelseskommissjon for helse- og omsorgstjenesten***Post 01 Driftsutgifter*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 0,8 mill. kroner knytt til lønnsoppgjeret for arbeidstakarar i det statlege tariffområdet.

**Kap. 761 Omsorgstjeneste***Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 79*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 5 mill. kroner som følge av mindreutgift til ei rekke tiltak innanfor løyvinga på posten.

*Post 64 Kompensasjon for renter og avdrag*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4,4 mill. kroner knytt til oppdaterte prognosar frå Husbanken.

*Post 68 Kompetanse og innovasjon*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 9,8 mill. kroner knytt til mindreforbruk på tilskotsordninga til forsøk med nye arbeids- og organisasjonsformer i helse- og omsorgstenestene (Tørn). Årsaka til mindreforbruket er ein kombinasjon av ubrukte midlar frå 2023 hos enkelte tilskotsmottakarar og sein oppstart av delprogram samhandling.

*Post 73 Særlige omsorgsbehov*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1,1 mill. kroner knytt til lågare utbetaling frå tilskotsordninga til lindrande einingar.

*Post 79 Andre tilskudd, kan nyttast under post 21*

Departementet foreslår å auke løyvinga med 3 mill. kroner til Hamar kommune for utgreiing av vidare drift av Hospice Sangen. I revidert nasjonalbudsjett for 2024, jf. Innst. 447 (2023–2024), blei det øyremerkt 3 mill. kroner til vidareføring av Hospice Sangen på Hamar. Lovisenberg diakonale sjukehus har med denne tildelinga valt å vidareføre drifta ut 2024. I Prop. 1 S (2024–2025) foreslår regjeringa 10 mill. kroner til drift av Hospice Sangen i 2025. Hamar kommune vurderer å overta drifta frå og med 2025.

**Kap. 762 Primærhelsetjeneste***Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan nyttast under post 70*

Det er ubrukte midlar på posten knytt til ei rekke tiltak innanfor løyvinga på posten. I samband med eit pågåande gonoréutbrot i Noreg har det vore ein auke i kondombestillingar. Departementet foreslår at det blir disponert ytterlegare 4 mill. kroner til kondomordninga.

*Post 61 Vertskommunetilskudd – Tjenester til innsatte og internerte*

Departementet foreslår å flytte 5,4 mill. kroner til Justis- og beredskapsdepartementets kap. 440, post 01. Som følge av at ansvaret for helsetenestene på Utlendingsinternatet på Trandum skulle overførast til kommunen, blei det flytta 5,4 mill. kroner til kap. 762, post 61 i 2024, jf. Innst. 11 S (2023–2024). Overdraginga er utsett til 1. januar 2025.

*Post 73 Seksuell helse, kan overførast*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 4 mill. kroner knytt til lågare forbruk på tilskota på posten. Hovudårsaka til mindreforbruket er at det er overført ubrukte midlar frå 2023 mot avkorting på tilskot i 2024.

**Kap. 765 Psykisk helse, rus og vold**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 72*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 18,3 mill. kroner som følgje av forventa mindreforbruk på ei rekke tiltak på posten.

10,5 mill. kroner er knytt til løyvinga til rask psykisk helsehjelp, som følgje av at det er forseinkingar i prosjektet med nasjonal registerordning.

3 mill. kroner er knytt til forseinkingar i arbeidet med utgreiing for vidare utvikling av lågterskeltilbod for målgruppa barn 12 år og yngre som står i fare for å utøve problematisk eller skadeleg seksuell åtferd mot andre barn.

2 mill. kroner er knytt til evaluering av rådgivande einingar for russaker. Evalueringa er utsett som følgje av få saker overført til einingane.

0,8 mill. kroner er knytt til pilotprosjekt for samhandling mellom NAV og kommunale helse-tenester, der ein av dei fire pilotkommunane har søkt om halvårig løyving.

2 mill. kroner er som følgje av mindreutgift til ei rekke tiltak innanfor løyvinga på posten.

*Post 73 Utviklingstiltak mv.*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 21,5 mill. kroner som følgje av forventa mindreforbruk på tilskotsordninga behandling og rehabilitering retta mot arbeid og utdanning (arbeid og psykisk helse).

**Kap. 770 Tannhelsetjeneste**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 70*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 1 mill. kroner som følgje av forventa mindreutgift på posten.

*Post 70 Tilskudd, kan overførast, kan nyttast under post 21*

Departementet foreslår å redusere løyvinga med 7,4 mill. kroner som følgje av forventa mindreforbruk på posten.

5 mill. kroner er knytt til overførte midlar frå 2023 frå tilskotsordninga tannhelsetilbod til tortur- og overgrepsette og personar med odontofobi. Videre er 2,4 mill. kroner knytt til tilskotsordninga etablering av stillingar for spesialistar i pedodonti.

**Kap. 781 Forsøk og utvikling mv.**

*Post 21 Spesielle driftsutgifter, kan overførast, kan nyttast under post 79*

Departementet foreslår å flytte 0,3 mill. kroner til kap. 781, post 21 frå kap. 745, post 01. 0,3 mill. kroner vart løyvd i samband med revidert nasjonalbudsjett 2024 til å oppdatere nåverande og gje ny kjønnsespesifikk informasjon på helsenorge.no. Oppdraget er gitt til Helsedirektoratet.

**Kap. 2711 Spesialisthelsetjeneste mv.**

*Post 70 Spesialisthjelp*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 2 950 mill. kroner, som er 70 mill. kroner høgare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseforetak, KS og Den norske legeforening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2024–30. juni 2025 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 109 S (2023–2024) fekk departementet fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2024 som følgje av eventuell avtale. Avtale ble inngått 26. juni 2024. Den medførte ein auke i honorarinntekta til legane tilsvarende 2,3 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til spesialistane på 42 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår å auke løyvinga med til saman 70 mill. kroner.

*Post 71 Psykologhjelp*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 425 mill. kroner, som er 23 mill. kroner lågare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseforetak og Norsk Psykologforening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2024–30. juni 2025 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 109 S (2023–2024) fekk departementet fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2024 som følgje av eventuell avtale. Avtale ble inngått 19. juni 2024. Den medførte ein auke i honorarinntekta til psykologane tilsvarende



4,5 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygdas utgifter for refusjonar mv. til psykologane på 13,7 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår å redusere løyvinga med til saman 23 mill. kroner.

#### *Post 72 Tannbehandling*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 2 910 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 30 mill. kroner.

#### *Post 76 Private laboratorier og røntgeninstitutt*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 1 450 mill. kroner, som er høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 95 mill. kroner.

### **Kap. 2751 Legemidler mv.**

Departementet foreslår at eigenandelar for legemiddel og medisinsk forbruksmateriell på blå resept frå 2026 skal reknast per utlevering i staden for per resept. Ny modell vil gjere det enklare å rekne ut kva brukaren skal betale i eigenandel, redusere administrativt arbeid for rekvirent, apotek, bandasjist og Helfo, og kunne forenkle den tekniske kompleksiteten i aktørane data- og oppgjerssystem. Samstundes vil brukarar i større grad bli skjerma for store utgifter over kort tid.

Forslaget vil gje ei omfordeling mellom kapittel 2751 og 2752, og det vil vere naudsynt å justere dagens proSENTSATS og maksimalbeløp for ei provenynøytral endring. Endringa blir varsla nå, for å gi nok tid for aktørane til å forberede nødvendige systemendringar. Dei konkrete beløpa og proSENTSATS vil gå fram av Prop. 1 S (2025–2026) for Helse- og omsorgsdepartementet.

#### *Post 70 Legemidler*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 14 560 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 360,1 mill. kroner.

#### *Post 71 Legeerklæringer*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 21 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 5 mill. kroner.

#### *Post 72 Medisinsk forbruksmateriell*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 2 350 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 70 mill. kroner.

### **Kap. 2752 Refusjon av egenbetaling**

#### *Post 72 Egenandelstak*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 8 670 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

### **Kap. 2755 Helsetjenester i kommunene mv.**

#### *Post 62 Fastlønnsordning fysioterapeuter, kan nyttas under post 71*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 605 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 2 mill. kroner.

#### *Post 70 Allmennlegehjelp*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 7 370 mill. kroner, som er 182,6 mill. kroner høgare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, regionale helseføretak, KS og Den norske legeförening om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2024–30. juni 2025 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 109 S (2023–2024) fekk departementet

fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2024 som følgje av eventuell avtale. Avtale vart inngått 4. juni 2024. Den medførte ein auke i legane si honorarinntekt tilsvarande 2,3 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til allmennlegane på 129 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår at 8,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for legar, sjå omtale der.

Departementet foreslår difor å auke løyvinga med til saman 174,1 mill. kroner.

#### *Post 71 Fysioterapi, kan nyttast under post 62*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 1 700 mill. kroner, som er 55 mill. kroner høgare enn tidlegare grunnlag.

Forhandlingane mellom staten, KS og fysioterapeutorganisasjonane om økonomiske vilkår for perioden 1. juli 2024–30. juni 2025 vart ikkje avslutta i tide til at dei budsjettmessige konsekvensane kunne leggjast fram for Stortinget i vårsesjonen. Ved behandling av Prop. 109 S (2023–2024) fekk departementet fullmakt til å gjere endringar i trygderefusjonane frå 1. juli 2024 som følgje av eventuell avtale. Avtale vart inngått 17. juni 2024. Den medførte ein auke i fysioterapeutane si honorarinntekt tilsvarande 2,74 pst. Dette er likt med ein auke i folketrygda sine utgifter for refusjonar mv. til fysioterapeutane på 44,5 mill. kroner i 2024.

Departementet foreslår at 1,5 mill. kroner flyttast til kap. 701, post 21 til EPJ-løft for fysioterapeutar, sjå omtale der.

Departementet foreslår difor å auke løyvinga med til saman 53,5 mill. kroner.

#### *Post 73 Kiropraktorbehandling*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 145 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 21,6 mill. kroner.

#### *Post 75 Logopedisk og ortoptisk behandling*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 355 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 19 mill. kroner.

### **Kap. 2756 Andre helsetjenester**

#### *Post 70 Helsetjenester i annet EØS-land*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 7 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 1 mill. kroner.

#### *Post 71 Helsetjenester i utlandet mv.*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 750 mill. kroner, som er noko høgare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å auke løyvinga med 150 mill. kroner.

#### *Post 72 Helsetjenester til utenlandsboende mv.*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 385 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 30 mill. kroner.

### **Kap. 2790 Andre helsetiltak**

#### *Post 70 Bidrag*

Folketrygda sine utgifter og inntekter er gjennomgått på nytt basert på rekneskapstal per september 2024. Utgiftene for 2024 vert talfesta til 255 mill. kroner, som er noko lågare enn tidlegare grunnlag. Departementet foreslår difor å redusere løyvinga med 20 mill. kroner.

Helse- og omsorgsdepartementet

t i l r å r :

At Deres Majestet godkjenner og skriv under  
eit framlagt forslag til proposisjon til Stortinget  
om endringer i statsbudsjettet 2024 under Helse-  
og omsorgsdepartementet.

---

Vi **HARALD**, Noregs Konge,

s t a d f e s t e r :

Stortinget blir bede om å gjere vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgs-  
departementet i samsvar med eit vedlagt forslag.

---

## Forslag

### til vedtak om endringer i statsbudsjettet 2024 under Helse- og omsorgsdepartementet

## I

## Utgifter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
700		Helse- og omsorgsdepartementet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 304 351 000 til kr 310 675 000	6 324 000
701		Digitalisering i helse- og omsorgstjenesten:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir auka med ..... frå kr 378 751 000 til kr 388 751 000	10 000 000
703		Internasjonalt samarbeid:	
	71	Internasjonale organisasjoner, blir auka med ..... frå kr 324 417 000 til kr 339 783 000	15 366 000
704		Norsk helsearkiv:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 70 924 000 til kr 71 935 000	1 011 000
709		Pasient- og brukerombud:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 87 193 000 til kr 88 601 000	1 408 000
710		Vaksiner mv.:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 288 402 000 til kr 223 402 000	65 000 000
	22	Salgs- og beredskapsprodukter mm., <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 229 709 000 til kr 258 009 000	28 300 000
	23	Vaksiner og vaksinasjon mot covid-19, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 191 600 000 til kr 0	191 600 000
712		Bioteknologirådet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 13 990 000 til kr 14 238 000	248 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
714		Folkehelse:	
	22	Gebyrfinansierte ordninger, blir redusert med ..... frå kr 31 641 000 til kr 20 241 000	11 400 000
717		Legemiddeltiltak:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overføres</i> , blir redusert med ..... frå kr 10 544 000 til kr 9 854 000	690 000
	70	Tilskudd, blir auka med ..... frå kr 71 610 000 til kr 72 300 000	690 000
732		Regionale helseforetak:	
	70	Særskilte tilskudd, <i>kan overføres</i> , <i>kan nyttast under postene 72, 73, 74 og 75</i> , blir auka med ..... frå kr 3 504 629 000 til kr 3 909 629 000	405 000 000
	72	Basisbevilgning Helse Sør-Øst RHF, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 77 145 908 000 til kr 78 014 868 000	868 960 000
	73	Basisbevilgning Helse Vest RHF, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 27 233 189 000 til kr 27 539 909 000	306 720 000
	74	Basisbevilgning Helse Midt-Norge RHF, <i>kan overføres</i> , blir auka med .... frå kr 20 214 444 000 til kr 20 442 124 000	227 680 000
	75	Basisbevilgning Helse Nord RHF, <i>kan overføres</i> , blir auka med ..... frå kr 17 455 237 000 til kr 17 651 877 000	196 640 000
	76	Innsatsstyrt finansiering, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 39 062 601 000 til kr 39 118 664 000	56 063 000
	77	Laboratorie- og radiologiske undersøkelser, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 4 329 644 000 til kr 4 499 644 000	170 000 000
	80	Kompensasjon for merverdiavgift, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 9 981 658 000 til kr 10 149 658 000	168 000 000
	83	Byggelånsrenter, <i>overslagsløyving</i> , blir auka med ..... frå kr 1 193 000 000 til kr 1 782 000 000	589 000 000
	86	Driftskreditter, blir redusert med ..... frå kr 5 313 000 000 til kr 1 813 000 000	3 500 000 000
734		Særskilte tilskudd til psykisk helse og rustiltak:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 88 589 000 til kr 107 642 000	19 053 000
	71	Tvungen omsorg for psykisk utviklingshemmede, blir redusert med ..... frå kr 468 571 000 til kr 425 000 000	43 571 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
737		Historiske pensjonskostnader:	
	70	Tilskudd, <i>overslagsløying</i> , blir auka med ..... frå kr 97 511 000 til kr 130 011 000	32 500 000
740		Helsedirektoratet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 520 051 000 til kr 1 545 663 000	25 612 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir redusert med ..... frå kr 243 091 000 til kr 143 091 000	100 000 000
741		Norsk pasientskadeerstatning:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 248 172 000 til kr 253 928 000	5 756 000
742		Nasjonalt klageorgan for helsetjenesten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 188 264 000 til kr 192 123 000	3 859 000
745		Folkehelseinstituttet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 1 509 021 000 til kr 1 517 128 000	8 107 000
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast</i> , blir auka med ..... frå kr 267 457 000 til kr 277 457 000	10 000 000
746		Direktoratet for medisinske produkter:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 442 888 000 til kr 451 536 000	8 648 000
747		Direktoratet for strålevern og atomsikkerhet:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 175 636 000 til kr 178 910 000	3 274 000
748		Statens helsetilsyn:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 184 135 000 til kr 187 422 000	3 287 000
749		Statens undersøkelseskomisjon for helse- og omsorgstjenesten:	
	01	Driftsutgifter, blir auka med ..... frå kr 44 176 000 til kr 44 960 000	784 000
761		Omsorgstjeneste:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan nyttast under post 79</i> , blir redusert med ..... frå kr 149 871 000 til kr 144 871 000	5 000 000
	64	Kompensasjon for renter og avdrag, blir redusert med .....	4 400 000

Kap.	Post	Formål	Kroner
		frå kr 979 400 000 til kr 975 000 000	
	68	Kompetanse og innovasjon, blir redusert med .....	9 800 000
		frå kr 455 440 000 til kr 445 640 000	
	73	Særlige omsorgsbehov, blir redusert med .....	1 100 000
		frå kr 48 459 000 til kr 47 359 000	
	79	Andre tilskudd, <i>kan nyttast under post 21</i> , blir auka med .....	3 000 000
		frå kr 157 868 000 til kr 160 868 000	
762		Primærhelsetjeneste:	
	61	Vertskommunetilskudd -Tjenester til innsatte og internerte, blir redusert med .....	5 400 000
		frå kr 217 202 000 til kr 211 802 000	
	73	Seksuell helse, <i>kan overførast</i> , blir redusert med .....	4 000 000
		frå kr 66 267 000 til kr 62 267 000	
765		Psykisk helse, rus og vold:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 72</i> , blir redusert med .....	18 300 000
		frå kr 211 811 000 til kr 193 511 000	
	73	Utviklingstiltak mv., blir redusert med .....	21 500 000
		frå kr 161 930 000 til kr 140 430 000	
770		Tannhelsetjenester:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 70</i> , blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 37 321 000 til kr 36 321 000	
	70	Tilskudd, <i>kan overførast, kan nyttast under post 21</i> , blir redusert med .....	7 400 000
		frå kr 426 505 000 til kr 419 105 000	
781		Forsøk og utvikling mv.:	
	21	Spesielle driftsutgifter, <i>kan overførast, kan nyttast under post 79</i> , blir auka med .....	300 000
		frå kr 16 653 000 til kr 16 953 000	
2711		Spesialisthelsetjeneste mv.:	
	70	Spesialisthjelp, blir auka med .....	70 000 000
		frå kr 2 880 000 000 til kr 2 950 000 000	
	71	Psykologhjelp, blir redusert med .....	23 000 000
		frå kr 448 000 000 til kr 425 000 000	
	72	Tannbehandling, blir auka med .....	30 000 000
		frå kr 2 880 000 000 til kr 2 910 000 000	

Kap.	Post	Formål	Kroner
	76	Private laboratorier og røntgeninstitutt, blir auka med .....	95 000 000
		frå kr 1 355 000 000 til kr 1 450 000 000	
2751		Legemidler mv.:	
	70	Legemidler, blir auka med .....	360 100 000
		frå kr 14 199 900 000 til kr 14 560 000 000	
	71	Legeerklæringer, blir auka med .....	5 000 000
		frå kr 16 000 000 til kr 21 000 000	
	72	Medisinsk forbruksmateriell, blir redusert med .....	70 000 000
		frå kr 2 420 000 000 til kr 2 350 000 000	
2752		Refusjon av egenbetaling:	
	72	Egenandelstak, blir auka med .....	150 000 000
		frå kr 8 520 000 000 til kr 8 670 000 000	
2755		Helsetjenester i kommunene mv.:	
	62	Fastlønnsordning fysioterapeuter, <i>kan nyttast under post 71</i> , blir auka med .....	2 000 000
		frå kr 603 000 000 til kr 605 000 000	
	70	Allmennlegehjelp, blir auka med .....	174 100 000
		frå kr 7 187 400 000 til kr 7 361 500 000	
	71	Fysioterapi, <i>kan nyttast under post 62</i> , blir auka med .....	53 500 000
		frå kr 1 645 000 000 til kr 1 698 500 000	
	73	Kiropraktorbehandling, blir auka med .....	21 600 000
		frå kr 123 400 000 til kr 145 000 000	
	75	Logopedisk og ortoptisk behandling, blir auka med .....	19 000 000
		frå kr 336 000 000 til kr 355 000 000	
2756		Andre helsetjenester:	
	70	Helsetjenester i annet EØS-land, blir redusert med .....	1 000 000
		frå kr 8 000 000 til kr 7 000 000	
	71	Helsetjenester i utlandet mv., blir auka med .....	150 000 000
		frå kr 600 000 000 til kr 750 000 000	
	72	Helsetjenester til utenlandsboende mv., blir redusert med .....	30 000 000
		frå kr 415 000 000 til kr 385 000 000	
2790		Andre helsetiltak:	
	70	Bidrag, blir redusert med .....	20 000 000
		frå kr 275 000 000 til kr 255 000 000	



## Inntekter:

Kap.	Post	Formål	Kroner
3710		Vaksiner mv.:	
	03	Vaksinesalg, blir auka med ..... frå kr 238 386 000 til kr 258 606 000	20 220 000
3714		Folkehelse:	
	04	Gebyrinntekter, blir redusert med ..... frå kr 12 713 000 til kr 3 013 000	9 700 000
3732		Regionale helseforetak:	
	80	Renter på investeringslån, blir redusert med ..... frå kr 463 000 000 til kr 405 000 000	58 000 000
	85	Avdrag på investeringslån f.o.m. 2008, blir redusert med ..... frå kr 838 000 000 til kr 793 000 000	45 000 000
	87	Avdrag tilskudd Helseplattformen, blir redusert med ..... frå kr 227 000 000 til kr 163 200 000	63 800 000
3740		Helsedirektoratet:	
	02	Diverse inntekter, blir redusert med ..... frå kr 134 244 000 til kr 34 244 000	100 000 000
	05	Helsetjenester til utenlandsboende mv., blir auka med ..... frå kr 65 000 000 til kr 86 000 000	21 000 000
3746		Direktoratet for medisinske produkter:	
	04	Registreringsgebyr, blir redusert med ..... frå kr 90 898 000 til kr 70 098 000	20 800 000
5572		Sektoravgifter under Helse- og omsorgsdepartementet:	
	74	Tilsynsavgift, blir redusert med ..... frå kr 3 770 000 til kr 0	3 770 000
	75	Sektoravgift tobakk, blir redusert med ..... frå kr 18 952 000 til kr 10 952 000	8 000 000

## II

## Fullmakter til å pådra staten forpliktingar utover gitte løyvingar

Stortinget samtykkjer i at Helse- og omsorgsdepartementet i 2024 kan foreta bestillingar utover gitte løyvingar, men slik at samla ramme for dei nye bestillingane og gamalt ansvar ikkje overstig følgjande beløp:

Kap.	Post	Betegnelse	Samlet ramme
710		Vaksiner mv.	
	22	Salgs- og beredskapsprodukter m.m. ....	207 mill. kroner

---

---



